



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 837 105 382  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: LERUM AS  
Forretningsadresse: Kloppavegen 13  
6854 KAUPANGER

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trine Lerum Hjelldaug  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 21.04.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 22.06.2022



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		630 878 462	546 596 469
<b>Sum inntekter</b>		<b>630 878 462</b>	<b>546 596 469</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	3	396 548 549	348 593 606
Lønskostnad	1, 5	92 266 520	86 777 320
Ordinær av- og nedskrivning	2	14 289 213	13 283 704
Andre driftskostnader	1, 8, 16	98 334 561	91 320 495
Andre inntekter og kostnader	14	-25 000	-60 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>601 413 843</b>	<b>539 915 126</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>29 464 619</b>	<b>6 681 343</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		211 927	218 229
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>211 927</b>	<b>218 229</b>
Annan rentekostnad		1 240 219	2 036 490
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 240 219</b>	<b>2 036 490</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-1 028 292</b>	<b>-1 818 260</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>28 436 327</b>	<b>4 863 083</b>
Skattekostnad	10	6 359 521	2 004 822
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>22 076 806</b>	<b>2 858 261</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>22 076 806</b>	<b>2 858 261</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>22 076 806</b>	<b>2 858 261</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>22 076 806</b>	<b>2 858 261</b>
<b>Overføringar og disponeringar</b>			



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Overført til / frå anna eigenkapital		22 076 806	2 858 261
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>22 076 806</b>	<b>2 858 261</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomt	2, 9	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	2, 9	77 258 439	83 740 526
Transportmidlar	2, 9	1 615 940	860 895
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2, 9	6 844 799	8 042 199
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>85 809 178</b>	<b>92 733 620</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	15	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>88 310</b>	<b>88 310</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>85 897 488</b>	<b>92 821 930</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	3, 9	<b>85 273 142</b>	<b>67 016 065</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringar	9	67 419 087	63 736 535
Andre fordringar		9 093 797	11 246 435
Konsernkrav	6, 9		
Krav på innbetaling av selskapskapital	6		
<b>Sum krav</b>		<b>76 512 884</b>	<b>74 982 969</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	32 296 893	3 556 484
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>32 296 893</b>	<b>3 556 484</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>194 082 919</b>	<b>145 555 519</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>279 980 407</b>	<b>238 377 449</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Aksjekapital	4, 13	9 999 990	9 999 990
Behaldning av egne aksjar		68 220 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>85 748 020</b>	<b>85 748 020</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Anna egenkapital		44 347 761	22 224 663
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>44 347 761</b>	<b>22 224 663</b>
<b>Sum egenkapital</b>	13	<b>130 095 780</b>	<b>107 972 683</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	5	1 656 222	1 834 214
Utsett skatt	10	2 028 243	1 189 100
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>3 684 465</b>	<b>3 023 314</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 9	32 499 990	35 099 994
Anna langsiktig gjeld	8, 9	2 973 983	3 661 031
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>35 473 973</b>	<b>38 761 025</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>39 158 438</b>	<b>41 784 339</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt	9, 11		5 814 283
Leverandørgjeld	16	65 187 240	59 199 808
Betalbare skattar	10	5 520 378	308 228
Skuldige offentlege avgifter		14 553 752	12 950 328
Kortsiktig konserngjeld	6, 6	7 409 689	1 424 251
Anna kortsiktig gjeld	12	18 055 129	8 923 530
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>110 726 189</b>	<b>88 620 427</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Sum gjeld		149 884 627	130 404 766
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>279 980 407</b>	<b>238 377 449</b>



# Deloitte.

Deloitte AS  
Gravensteinsgata 19  
Postboks 206  
NO-6852 Sogndal  
Norway

Tel: +47 57 67 65 70  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Lerum AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Lerum AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 22 076 806. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor -  
Lerum AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.



**Deloitte.**


side 3  
Melding frå uavhengig revisor -  
Lerum AS

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Sogndal, 25. mars 2021  
Deloitte AS

  
**Gunn Irene Sviggum Bruheim**  
statsautorisert revisor



**Lerum AS**

**2020**

Penneo Dokumentnr: BTZIE-EPCB6-ML8VE-QYX4Z-65DC-XTIFT



## Lerum AS

### Årsmelding 2020

Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har familien Lerum foredla frukt og bær til norske husholdningar. Lerum AS er ein landsdekkande leverandør av saft, jus og syltetøy, samt leverandør av saft til den svenske marknaden. Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Sogndal kommune. Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS.

#### MARKNAD

Det er god vekst i marknaden for kategoriane syltetøy og konsentrert drikke i 2020. Heimekontor, heimeskule, mindre reiseaktivitet og redusert grensehandel som følgje av Covid-19 har bidrege til nedgang i storhushaldmarknaden, men auka sal i daglegvaremarknaden i Noreg. Lerum AS aukar sin marknadsandel i syltetøykategorien. Veksten for Lerum AS innan konsentrert drikke er god, men noko lågare enn marknaden. I den svenske marknaden er det solid vekst for kategorien konsentrert drikke. ZERoh!-serien styrkar sin marknadsposisjon i Sverige ytterlegare gjennom 2020.

#### FORSKING OG UTVIKLING

Lerum AS satsar sterkt på vidareutvikling av produkta og merkevarene Lerum og ZERoh!. Satsinga dei siste åra har resultert i lansering av fleire nye produkt. Selskapet arbeider kontinuerleg med utvikling av nye smaksvarianter, ny emballasje, ny søting og produkt med betre eigenskapar for god ernæring og berekraft. Innovasjon er nødvendig for å kunne gi bidrag til vidare utvikling av kategoriane.

I 2020 har Lerum AS lansert merkevareseriane *Lerum Smudi-pålegg*, *ZERoh! Sparkling soda* og *Lerum Original syltetøy Utan tilsett sukker*. Saftserien *Lerum Utan tilsett sukker* og syltetøyserien *Lerum Klem* vart utvida med nye smaksvarianter. Tørstedrikksferien *ZERoh!* vart utvida med fleire spennande smaksvarianter både i den norske og den svenske marknaden.

#### ØKONOMI

##### Omsetnad og resultat

Lerum AS har i 2020 hatt ein omsetnad på NOK 631 millionar mot NOK 547 millionar i 2019. Det er framgang i salsvolum og omsetnad for alle dei tre produktkategoriane.

Auka produksjonsvolum og investering i nylanseringar bidreg til kostnadsauke mot 2019. Samstundes er det gjennomført forbettringsprosessar med positiv effekt på kostnadssida.

Resultatet før skatt er på NOK 28,4 millionar for 2020 mot NOK 4,9 millionar i 2019.

Årsresultatet etter skattekostnad i 2020 vart NOK 22,1 millionar mot NOK 2,9 millionar i 2019.

Styret er nøgd med den positive resultatutviklinga i 2020. Effektane frå samlokaliseringa som vart gjennomført i 2018 gjer seg gjeldande og året har vist kva som ligg i organisasjonen. Vi skal halde fram arbeidet med innovasjon, auke salet og finne smarte løysingar for å verte enno meir effektive. Eit godt resultat er viktig for å forsvare investeringane i samlokalisering, samt andre større investeringar dei neste åra. Investeringane er naudsynte om vi skal ha grunnlag for å vekse innan eksisterande og nye kategoriar. Gjennom 2020 er det investert NOK 7,7 millionar i nye driftsmidlar.

##### Kontantstraum og balanse

Kontantstraum frå drifta var i 2020 positiv med NOK 45,2 millionar mot positiv kontantstraum på NOK 19,0 millionar i 2019. Langsiktig bankgjeld er redusert med NOK 3,0 millionar gjennom nedbetalingar i 2020. Lerum AS har pr. 31. desember 2020 NOK 35,5 millionar i langsiktig gjeld. Alle lånevilkår med



banken er oppfylt pr. 31.12.2020. Lerum AS har totalt sett tilstrekkeleg likviditetsreserve i bankinnskott og trekkrettar i bank og avtale med leasingselskap.

Totalbalansen pr. 31. desember 2020 er auka mot fjoråret. Endringa er frå NOK 238,4 millionar per 31.12.2019 til NOK 280,0 millionar ved utgangen av 2020. Eigenkapitalen pr. 31. desember 2020 er NOK 130,1 millionar etter årets resultat. Per 31. desember 2019 var eigenkapitalen NOK 107,8 millionar. Eigenkapitalen utgjør 46,5% av totalbalansen mot 45,3% ved førre årsoppgjer.

Lerum AS sin finansielle marknadsrisiko er primært knytta til rente- og valutarisiko. Selskapet har flytande rente på dei langsiktige låna. Lerum AS gjer ein stor del av innkjøpa sine i Euro og US-dollar, medan alt eksternt sal er i norsk valuta. Kor stor del av valutabehovet ein kursikrar vert vurdert kvart år som ein del av plan- og budsjettprosessen. Dette vert ajourført gjennom året i samband med prisforhandlingane med daglegvarekjedene.

Selskapet har teikna ansvarsforsikring for styret og administrerande direktør.

#### Fortsatt drift

Det er styret si oppfatning at årsmeldinga og årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret stadfestar at årsrekneskapen for 2020 er sett opp under føresetnad om vidare drift og at denne føresetnaden er tilstades.

#### **BEREKRAFT, ORGANISASJON, HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK**

Lerum har definert ein eigen berekraftstrategi som handlar om å *ta vare på*. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredling, menneske, ernæring og lokalsamfunnet. Det vert utarbeida miljørekneskap og definert tiltak for å redusere karbonavtrykket.

#### Ytre miljø og samfunn

Distribusjon av konsumentprodukt som drikkevarer og syltetøy medfører miljøpåverknad. Lerum har som mål å redusere energi- og vassforbruket i fabrikk og å gjenvinne prosessvarme i dampproduksjonen til fabrikk og i oppvarming av vatn. Det er etablert prosjekt om energileiing i samarbeid med Norsk Energi. Vi har fokus på å redusere matavfall i produksjon, samt på auka gjenvinning av avfall ved å nytte mest mogleg miljøvenleg emballasje på produkta våre. Lerum AS har høg attvinning og ombruk av emballasje, og er medlem i dei aktuelle materialselskapa sine ordningar for retur og attvinning av emballasjeavfall.

Lerum AS legg til rette for effektive transportløyningar og høveleg transportemballasje. Vi kjøper transport frå ei tilknytta verksemd, Lerum Frakt SA, som i samarbeid med lastebileigarar og transportørar reduserer omfanget av tomkøyring. Lerum Frakt disponerer moderne vogntog med beste miljøteknologi, og systematisk registrering av drivstofforbruk vert nytta for fokus på energieffektiv transport.

Lerum AS er medlem av Initiativ for Etisk Handel (IEH) og har særskilde ressursar for dette forbetningsarbeidet. Føremålet er samarbeid for rettferdig handel som fremjar menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø.

Lerum AS ynskjer å bidra til eit godt kosthald og har sidan 2005 jobba med å redusere sukkerinnhaldet i produkta. Arbeidet med sukkerreduksjon må gjerast i eit langsiktig perspektiv for å gradvis venne forbrukar til ein mindre søt smak. I perioden 2015-2020 er har Lerum redusert gjennomsnittleg sukkerinnhald i syltetøy og drikkeklar saft med 41%. 15 av 18 produktlanseringar i 2020 var utan tilsett sukker.

#### Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har vore to mindre skadar i samband med utøvinga av verksemda i 2020 som har medført sjukefråvær. Nærværet for 2020 er 97,1% i 2020, mot 96,8% i 2019. Av sjukefråværet på 2,9% er korttidsfråværet på 1,1% (2,0% i 2019). Lerum AS er IA-bedrift (Inkluderande



Arbeidsliv) og har hatt eit godt samarbeid med trygdeetaten i 2020. Oppfølging av sjukefråvær er ei sentral oppgåve i HMS-arbeidet. Selskapet har årlege HMS-planer.

#### Likestilling

23 % av selskapet sine tilsette er kvinner. Begge kjønn er representert gjennom heile verdikjeda i produksjon, administrasjon og sal. Det er ikkje naudsynt å setje i verk eigne tiltak for å fremje likestilling, og verksemda vert driven i samsvar med lov om likestilling mellom kjønna.

Fem av ti styremedleamar i Lerum AS er kvinner. Fire av fem eigarar i morselskapet N.H. Lerum AS er kvinner.

Lerum AS har retningslinjer innan personal og rekruttering for å sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering med grunnlag i etnisitet, nasjonalitet, alder, hudfarge, språk, religion og livssyn. Lerum AS vil i den grad det er mogleg tilpasse arbeidsforholda slik at personar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Med auka innovasjonstakt dei siste åra, meiner styret at selskapet sine framtidsutsikter er gode. Lerum AS har ei velutvikla produktportefølje og ein god medarbeidarstab som dannar ei høveleg plattform for framtida.

Likeeins med dei fleste næringsmiddelprodusentane i Noreg er selskapet sin omsetnad delt på nokre få store kundar og distribusjonskanalar. Selskapet er difor sårbart ved daglegvarekjedenes porteføljeskift. Frukt og bær er utsett for temperatur og ustabil vær som påverkar avlingar og pris frå sesong til sesong. Store svingingar i råvareprisar og valuta er utfordrande i høve til oppnåelege prisar i marknaden. Lerum AS er svært sårbar for endringar i politiske rammevilkår. I 2020 vedtok Stortinget å redusere produktavgifta på alkoholfrie drikkevarer. Det er eit steg i rett retning, men sunne, ernæringsrette produkt av frukt og bær vert framleis belagt med slik særavgift til staten. Avgifter bidreg til redusert konkurransekraft og innovasjonsevne. For Lerum som stadig investerer tungt i anlegg, maskiner og innovasjon er det avgjerande at avgiftsnivået er føreseieleg og stabilt lågt over tid.

Vi vil halde fram med å utvikle og modernisere kjerneverksemda med produksjon, distribusjon og marknadsføring av konsentrert drikke, jus og syltetøy. Gjennom merkevara Lerum er vår hovudoppgåve å kombinere dei sterke norske tradisjonane for mat og drikke basert på frukt og bær, med den beste kunnskapen om foredling, søting og rett ernæring i tråd med trendane i marknaden og behov hjå forbrukarane. Lerumprodukta, ekte vare basert på frukt og bær av høg kvalitet, har ein naturleg plass i eit balansert kosthald. Gjennom merkevara ZERoh! tilbyr vi forbrukarane eit kalorifritt alternativ med spennande smakar basert på naturleg aroma og farge. Auka kjennskap til merkevarene Lerum og ZERoh!, betre kjennskap til næringsverdien i våre produkt basert på frukt og bær, samt styrka samarbeid med kjedene om effektiv distribusjon av våre produkt og utvikling av deira eigne varemerke, er grunnleggjande element for strategien.

Behovet for nye investeringar i produksjonsanlegg, marknadsføring og kompetanseheving vil vera gjeldande også i tida framover for å ruste Lerum AS til ny innovasjon og vekst i produktkategoriane.

Situasjonen rundt Covid-19 påverkar framtidsutsiktene for Lerum AS. Produksjonsstopp som følge av sjukdom eller karantene hjå tilsette og mangel på innsatsfaktorar ved utfordringar i leverandørkjeda er sentrale risikofaktorar som vil kunne påverke den økonomiske situasjonen i Lerum AS.

Frå slutten av 2020 har Trine Lerum Hjellhaug permisjon frå stillinga som administrerande direktør. Stein Klakegg er administrerande direktør i hennar fråvær.



Styret takkar dei tilsette for den gode innsatsen i eit spesielt år som 2020. Innsatsen til dei tilsette har vore avgjerande for å opprettehalde samfunnsoppdraget vårt med produksjon av matvarer. Styret ser fram til å kunne utvikle verksemda vidare i lag med dei mange lojale og dyktige medarbeidarane våre.

*Sogndal  
25. mars 2021*

Sverre S. Tysland  
Styreleiar

Kåre Lerum  
Styremedlem

Kristine Aasheim  
Styremedlem

Trine Lerum Hjelhaug  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Kurt Lerum  
Styremedlem

Grethe K. Lerum  
Styremedlem

Bente Lerum Lund  
Styremedlem

Johnny Berg  
Styremedlem

Stian Orrestad  
Styremedlem

Stein N. Klakegg  
Adm.dir

*Penneo Dokumentnr: BTZIE-EPCB6-ML8VE-QYX4Z-165DC-XTJFT*



### Lerum AS

Resultatrekneskap 2020

	NOTE	2020	2019
<b>DRIFTSINNETEKTER</b>			
Salsinntekter		630 878 462	546 596 469
Sum driftsinntekter		<u>630 878 462</u>	<u>546 596 469</u>
<b>DRIFTSKOSTNADAR</b>			
Varekostnad	3	396 548 549	348 593 606
Lønskostnad	1, 5	92 266 520	86 777 320
Ordinær av- og nedskrivning	2	14 289 213	13 283 704
Andre driftskostnader	1, 8, 16	98 334 561	91 320 495
Sum driftskostnader		<u>601 438 843</u>	<u>539 975 126</u>
Driftsresultat før andre inntekter og kostnader		<u>29 439 619</u>	<u>6 621 343</u>
Andre inntekter og kostnader	14	-25 000	-60 000
Driftsresultat		<u>29 464 619</u>	<u>6 681 343</u>
<b>FINANSINNETEKTER/-KOSTNADAR</b>			
Renteinntekter		211 927	218 229
Andre rentekostnader		-1 240 219	-2 036 490
Netto finansresultat		<u>-1 028 292</u>	<u>-1 818 260</u>
Resultat før skattekostnad		<u>28 436 327</u>	<u>4 863 083</u>
Skattekostnad	10	-6 359 521	-2 004 822
Årsresultat		<u>22 076 806</u>	<u>2 858 261</u>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Overført til / frå anna eigenkapital		22 076 806	2 858 261
Sum overføringar		<u>22 076 806</u>	<u>2 858 261</u>

Penneo Dokumentnr: B1Z1E-EPCB6-ML8VE-QYX4Z-65DC-XTJFT



## Lerum AS

Balanse pr. 31.12.2020

EIGEDLAR	NOTE	2020	2019
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomt	2, 9	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	2, 9	77 258 439	83 740 526
Transportmidlar	2, 9	1 615 940	860 895
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	2, 9	6 844 799	8 042 199
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>85 809 178</b>	<b>92 733 620</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar i dotterselskap	15	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>88 310</b>	<b>88 310</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>85 897 488</b>	<b>92 821 930</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	3, 9	85 273 142	67 016 065
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	9	67 419 087	63 736 535
Andre fordringar		9 093 797	11 246 435
<b>Sum fordringar</b>		<b>76 512 884</b>	<b>74 982 969</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	11	32 296 893	3 556 484
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>194 082 919</b>	<b>145 555 519</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>279 980 407</b>	<b>238 377 449</b>

Penneo Dokumentnr: BTZIE-EPCB6-ML8VE-QYX4Z-65DC-XTJFT



## Lerum AS

Balanse pr. 31.12.2020

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE	2020	2019
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Aksjekapital	4, 13	9 999 990	9 999 990
Anna innskoten egenkapital		68 220 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>85 748 020</b>	<b>85 748 020</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Anna egenkapital		44 347 761	22 224 663
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>44 347 761</b>	<b>22 224 663</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>13</b>	<b>130 095 780</b>	<b>107 972 683</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing for forpliktingar</b>			
Pensjonsforpliktingar	5	1 656 222	1 834 214
Utsett skatt	10	2 028 243	1 189 100
<b>Sum avsetjing for forpliktingar</b>		<b>3 684 465</b>	<b>3 023 314</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7, 9	32 499 990	35 099 994
Anna langsiktig gjeld	8, 9	2 973 983	3 661 031
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>35 473 973</b>	<b>38 761 025</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt	9, 11	0	5 814 283
Leverandørgjeld	16	65 187 240	59 199 808
Betalbare skattar	10	5 520 378	308 228
Skuldige offentlege avgifter		14 553 752	12 950 328
Kortsiktig gjeld konsernselskap	6	7 409 689	1 424 251
Anna kortsiktig gjeld	12	18 055 129	8 923 530
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>110 726 189</b>	<b>88 620 427</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>149 884 627</b>	<b>130 404 766</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>279 980 407</b>	<b>238 377 449</b>

Penneo Dokumentnr: B1Z1E-EPCB6-ML8VE-QVX4Z-65DC-XTJFT



## Lerum AS

Balanse pr. 31.12.2020

Sogndal, 25. mars 2021

\_\_\_\_\_  
Sverre Sellæg Tysland  
Styreleder

\_\_\_\_\_  
Kåre Norvald Lerum  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Kurt Lerum  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Bente Lerum Lund  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Grethe Kristin Lerum  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Kristine Aasheim  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Johnny Berg  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Stian Orrestad  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Trine Lerum Hjelhaug  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Stein Norvald Klakegg  
Administrerende direktør

Penneo Dokumentnr: BTZIE-EPCB6-ML8VE-QYX4Z-65DC-XTJFT



## Lerum AS

### Kontantstrømoppstilling 2020

(alle tal i 1 000)

	2020	2019
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Ordinært resultat før skattekostnad	28 436	4 863
Betalte skattar i perioden	-308	0
Ordinære av- og nedskrivningar	14 289	13 284
Vinst / tap avgang driftsmidlar	-25	-60
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn / utbetalingar i pensjonsordninga	-132	-58
Endring i varer	-18 257	11 640
Endring i kundefordringar og andre fordringar	-1 530	-12 268
Endring i leverandørgjeld og anna gjeld	22 710	1 564
<b>Netto kontantstrømmar frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>45 184</b>	<b>18 964</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Netto tilgang / avgang anleggsmidlar	-7 685	-23 917
Sal av varige driftsmidlar (salssum)	25	60
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-7 660</b>	<b>-23 857</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Netto endring trekk på kassakreditt	-5 814	-12 535
Utbetalt konsernbidrag i året	0	0
Utbetalt utbytte i året	0	0
Innbetalt konsernbidrag i året	0	16 808
Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld	0	3 693
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-2 968	-2 922
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-8 782</b>	<b>5 043</b>
<b>Netto kontantstrøm for perioden</b>	<b>28 741</b>	<b>151</b>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	28 741	151
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01	3 556	3 406
<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12</b>	<b>32 297</b>	<b>3 556</b>

Pennco Dokumentnr: B1Z1E-EPCB6-ML8VE-QVX4Z-65DC-XTJFT



## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Lerum AS inngår som ein del av konsernrekneskapen til N.H. Lerum AS. Sidan Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS, vert det i tråd med rekneskapslova § 3-7 ikkje utarbeida konsernrekneskap for underkonsern.

## Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende føresetnadar lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering. Kortsiktig gjeld er ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

## Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

## Aksjar i dotterselskap

Investering i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden, og er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt. Det er føreteke nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje vert vurdert å vera forbigåande og nedskrivning vert vurdert naudsynt etter god rekneskapskikk.

## Aksjar i tilknytt selskap og andre aksjar

Anleggsaksjar, der selskapet ikkje har avgjerande innverknad, er ført opp i balansen til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte frå selskapa vert inntekstført som anna finansinntekt.

## Varer

Varer er vurdert til det lågaste av kostpris og netto salsverdi. Sidan selskapet har fysisk sporing av råvarer nytta i mat, er anskaffingskost så langt som mogeleg tilordna den einskilde vare.

## Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

## Leigeavtalar

Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhøyrande leigeforpliktning vert teke med som forpliktning under langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmidlet vert avskrive planmessig, og forpliktninga vert redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

## Pensjonar

Selskapet etablerte i 2016 ei ny innskotsbasert ordning for tilsette. Denne ordninga omfattar alle tilsette i verksemda utanom 9 personar som fortsatt vil stå utanfor ordninga av ulike årsaker. Innskotsbasert ordning inneberer at Lerum AS betalar eit månadleg innskot til den tilsette si pensjonskonto. Innskotet blir fastsett på basis av ei lønn og dei tilsette kan sjølv velje risikoprofil med omsyn til forvaltning av pensjonskontoen. Ved død tilfall pensjonskontoen dei etterlatte.

## Valuta

Eventuelle pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved rekneskapsårets slutt.

## Skattar

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar, til dømes konsernbidrag, er ført mot eigenkapitalen. Utsett skatt / skattefordel er i tråd med god rekneskapskikk vurdert til nominelle verdier.

## Kontantstraum

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

## Note 1 Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersle m.m

Lønskostnad	2020	2019
Løn	73 702 938	68 737 384
Folketrygdavgift	8 809 960	8 776 123
Pensjonskostnadar	5 232 914	4 954 651
Innleigd arbeidshjelp	987 526	688 139
Andre ytingar	3 533 182	3 621 023
<b>Sum</b>	<b>92 266 520</b>	<b>86 777 320</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette 133 130

## Ytingar til leiande personar

	Adm.dir	Styre
Løn, honorar	1 953 196	660 000 (herav styreleiar kr 260 000)
Andre innberetningspliktige beløp	120 304	

## Revisor

Revisjonshonorar for 2020 er på kr 389 000,- eksklusive meirverdiavgift.  
Honorar for andre tenester er kostnadsført med kr 63 600,- eksklusive meirverdiavgift.



## Note 2 Varige driftsmidler (tal i heile tusen)

	Transportmidlar	Kontor-maskinar	Maskinar, anlegg og tomt	Periodisert vedlikehald	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 1.1.	1 679	23 688	117 806	14 834	7 397	165 404
Tilgang	900	1 873	11 742	470	97	15 082
Avgang	0	0	320	0	7 397	7 717
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>2 579</b>	<b>25 561</b>	<b>129 228</b>	<b>15 304</b>	<b>97</b>	<b>172 769</b>
Akkumulert nedskrivning 31.12.	0	0	2 292	0	0	2 292
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	963	18 716	54 335	10 654	0	84 668
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>1 615</b>	<b>6 845</b>	<b>72 601</b>	<b>4 650</b>	<b>97</b>	<b>85 809</b>
Avskrivning i år	145	3 070	10 571	503	0	14 289
Nedskrivning i år	0	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	5 / 7 år	5 / 10 år	7 / 15 år			
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær			
Balanseførte leigeavtaler inkl. i kostpris	493	-	2 880	-	-	3 373

## Note 3 Varer

	2020	2019
Råvarer og emballasje	63 069 480	50 609 789
Panteemballasje	133 560	116 800
Ferdigvarer	22 070 101	16 289 477
<b>Sum</b>	<b>85 273 142</b>	<b>67 016 065</b>
Varekostnad spesifisert:		
Endring ferdigvarelager	-5 780 625	6 880 142
Varekostnad	402 329 173	341 713 464
<b>Sum varekostnad</b>	<b>396 548 549</b>	<b>348 593 606</b>

## Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

### Eigarstruktur

Aksjonær i selskapet pr. 31.12.:

	Tal aksjar	Pålydande	Aksjekapital	Eigardel	Stemmeandel
N.H. Lerum AS	6 734	1 485	9 999 990	100 %	100 %
<b>Sum aksjar</b>	<b>6 734</b>	<b>1 485</b>	<b>9 999 990</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

## Note 5 Pensjonskostnader, -midlar og -forpliktingar

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lov.

Selskapet etablerte i 2016 ei ny innskotsbasert ordning for tilsette. Denne ordninga omfattar alle tilsette i verksemda utanom 9 personar som frameis vil stå utanfor ordninga av ulike årsaker.

Tidlegare hadde Lerum AS ei ytelsesbasert pensjonsordning og tilsaman 9 personar vil dermed stå igjen i den gamle ordninga.

Med denne bakgrunn omfattar den ytelsesbaserte pensjonsordninga i alt 7 pensjonistar og 2 aktiv. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringselskap.

Selskapet nytta tidlegare korridormetoden i samsvar med val i NRS 6 Pensjonskostnader. Det innebar at resultateffekten av estimatavvik i berekninga av pensjonsforpliktinga vart fordelt over attverande oppteningsår i den ytingsbaserte pensjonsordninga. Eittersom selskapet frå 2016 gjekk over til innskotsbasert pensjonsordning for sine tilsette, blir pensjonskostnaden for 2020 rekna i samsvar med revidert IAS 19. Det vil seie at estimatavvik direkte blir amortisert og ført mot eigenkapitalen. Dette har medført ein effekt på eigenkapitalen for 2020 på kr 46 291,-.

### Overgang til ny AFP-ordning i privat sektor

Som følgje av AFP-bilskotslova blei gamal AFP-ordning lukka per. 31.12.2010. Lukkinga av denne blei handsama rekneskapsmessig som avkorting. Den nye AFP-ordninga er ei ytingsbasert fleirforetaksordning, som den gamle AFP-ordninga i LO/NHO området.

### Rekneskapsføring knytt til gamal AFP-ordning

Det knyter seg inga avsetjing til gamal AFP ordning.

### Rekneskapsføring av forplikting for ny AFP-ordning

Selskapet har ei reell økonomisk forplikting som følgje av avtalen om ny AFP-ordning. I 2020 forelegg det likevel ikkje tilstrekkeleg informasjon for å gjere det mogleg med innrekning av ny forplikting i årsrekneskapan for 2020. Dette medfører at inga forplikting for ny ordning vert ført i balansen i 2020. I 2020 er løpende premie kostnadsført i rekneskapan.

### Pensjonskostnad i 2020:

	Pensjonsforsikring	Sum 31.12.2020	Sum 01.01.2020
Noverdi av årets pensjonsopptening	53 931	53 931	
Rentekostnad av pensjonsforplikting	217 876	217 876	224 995
Avkasting av pensjonsmidlar	-182 999	-182 999	-103 128
Premie AFP	1 353 523	1 353 523	1 203 607
Periodisert arbeidsgjevaravgift	12 522	12 522	17 182
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>1 454 853</b>	<b>1 454 853</b>	<b>1 342 656</b>



<b>Pensjonsmidlar - forpliktning:</b>			
Estimert påkommen pensjonsforpliktning	-9 687 040	-9 687 040	-9 623 600
Estimert verdi av pensjonsmidlane	8 235 487	8 235 487	8 016 050
Estimert netto pensjonsmidlar	-1 451 553	-1 451 553	-1 607 550
Arbeidsgjevaravgift	-204 669	-204 669	-226 664
<b>Netto pensjonsmidlar</b>	<b>-1 656 222</b>	<b>-1 656 222</b>	<b>-1 834 214</b>

Tal tilsette i pensjonsordninga	2	2
Tal pensjonistar i pensjonsordninga	7	7

<b>Økonomiske føresetnader:</b>			
	<b>2020</b>	<b>2019</b>	
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %	
Forventa lønsregulering	2,25 %	2,25 %	
Pensjonsauke	0,00 %	0,50 %	
G-regulering	2,00 %	2,00 %	
Forventa avkastning på fondsmidlar	1,70 %	2,30 %	
Turnover	2,29 %	2,29 %	

Demografiske faktorar og avgang er basert på vanlege føresetnader innan forsikring. Berekninga er føreteke i samsvar med Norsk RekneskapsStandard (NRS 6 Pensjonskostnader), og aktuariemessige føresetnader er vurdert mot dei periodiske anbefalingar frå Norsk Rekneskapsstifting.

## Note 6 Kortsiktig fordring og gjeld til konsernselskap

	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Leverandørgjeld konsern	1 040 910	1 424 251
Anna kortsiktig gjeld konsern	6 368 779	-
<b>Sum gjeld konsern</b>	<b>7 409 689</b>	<b>1 424 251</b>

## Note 7 Langsiktig gjeld

Gjeld som har siste avdrag til betaling meir enn fem år etter regnskapsårets slutt:	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Gjeld til kredittinstitusjonar (tal i heile tusen)	19 500	22 100
Sum anna langsiktig gjeld	19 500	22 100

## Opplysningar om pantelån:

	<b>Opphøveleg lånebeløp i</b>	
<b>Lån</b>	<b>NOK</b>	<b>Saldo 31.12</b>
Lån kredittinstitusjonar	39 000 000	32 499 990
<b>Sum</b>	<b>39 000 000</b>	<b>32 499 990</b>

<b>Avdragsprofil (tal i heile tusen)</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>Deretter</b>
Lån kredittinstitusjonar	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	19 500
<b>Sum</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>19 500</b>

## Note 8 Leige- og leasingavtalar

Selskapet har pr 31.12.2020 leigeavtale knytt til fabrikk og kontorannlegg på Kaupanger, med varigheit fram til år 2033.

Sum leigekostnader 19 953 156

Selskapet har i tillegg operasjonelle leasingavtalar på produksjonsanlegg for jusproduksjon og leasingavtalar på diverse produksjons- og administrasjonsutstyr. Avtalane har ulike varigheit.

Operasjonelle leasingkostnader er utgiftsført i rekneskopen med:	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Leasingkostnader:</b>	<b>3 169 692</b>	<b>3 584 372</b>

Selskapet har i tillegg leigeavtalar bokført som finansiell leasing.	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Nominell verdi av sum resterande estimerte leigebetalingar	3 197 360	3 962 360
Noverdi av sum resterande estimerte leigebetalingar	2 973 983	3 661 030

Forfallsstruktur finansiell leasing:		
Forfall innan 1 år	730 360	799 620
Forfall 2-5 år	2 466 980	3 162 740



## Note 9 Pantsetjingar / garantiansvar

Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:	2020	2019
Gjeld til kredittinstitusjonar	32 499 990	40 914 277
Gjeld knytt til finansielle leigeavtalar	2 973 983	3 661 031
<b>Sum</b>	<b>35 473 973</b>	<b>44 575 308</b>

Bokført verdi av egedelar stilt som trygd for bokført gjeld:

Maskinar og anlegg	77 258 439	83 740 526
Tomt, bygningar	90 000	90 000
Transportmidlar	1 615 940	860 895
Driftsløysøyre	6 844 799	8 042 199
<b>Totalt</b>	<b>85 809 178</b>	<b>92 733 621</b>

I tillegg er det teke pant i:

Varelager	85 273 141	67 016 065
Kundefordringar	67 419 087	63 736 535

## Note 10 Skattar

Årets skattepliktige resultat kjem fram slik:	2020	2019
Resultat før skattekostnad	28 436 327	4 863 083
<b>Permanente skilnadar:</b>		
Kostnader utan fradragsrett	454 288	560 219
Inntekter utan skatteplikt	-29 992	-1 211
Pensjon direkteført mot eigenkapital	46 291	3 690 733
Bruk av underskot til framføring	-	-968
<b>Mellombelse skilnadar:</b>		
Endring mellombelse skilnadar:	-3 814 287	-7 710 821
Skattegrunnlag i år	25 092 627	1 401 035
<b>Betalbar inntektskatt 22 %</b>	<b>5 520 378</b>	<b>308 228</b>

Ein del av dei mellombelse skilnadane får effekt først fram i tid. I tråd med god rekneskapskikk er utsett skattefordel vurdert til nominelle verdiar.

Spesifikasjon av mellombelse skilnadar:	Endring	2020	2019
Anleggsmidlar	-3 288 808	-11 487 190	-8 198 382
Vinst- og tapskonto	200 596	-802 378	-1 002 974
Fordringar	-	300 000	300 000
Varelager	-47 000	1 303 000	1 350 000
Rekneskapsmessige avsetjingar	-312 144	-	312 144
Pensjonsforpliktning	-177 992	1 656 222	1 834 214
Balansførte leigeavtalar	-188 939	-188 939	-
Framførbart underskot	-	-	-
Sum	-3 625 348	-9 219 285	-5 404 998

Brutto utsett skattefordel / -forpliktning	-2 028 243	-1 189 100	
Ikkje balansført utsett skattefordel	-	-	
<b>Netto utsett fordel / forpliktning i balansen</b>	<b>-839 143</b>	<b>-2 028 243</b>	<b>-1 189 100</b>

Skattesats ved utrekning av utsett skatt / skattefordel	22 %	22 %
---------------------------------------------------------	------	------

<b>Betalbar skatt</b>		
Betalbar skatt	5 520 378	
Endring utsett skatt / (skattefordel)	839 143	
<b>Skattekostnad</b>	<b>6 359 521</b>	

<b>Forklaring til skattekostnad</b>		
Resultat før skatt	28 436 327	
22 % skatt av res. før skatt	6 255 992	
Skatteeffekt permanente skilnadar	103 529	
<b>Sum skattekostnad</b>	<b>6 359 521</b>	

## Note 11 Bankinnskot, bundne midlar, kassekreditt m.v

Av bankinnskot er kr 4 369 722,- bundne skattetrekksmidlar og kr 288 439,- er sperra bankkonto for depositum. Selskapet har ei samla kreditttramme på kr 55 000 000,- der kr 0,- var nytta pr. 31.12.2020.

## Note 12 Anna kortsiktig gjeld

Større postar i anna kortsiktig gjeld:	2020	2019
Påkomne feriepengar	7 532 826	7 379 001
Påkomne kostnader diverse	10 487 004	1 482 372
Påkomne renter	35 299	62 156
<b>Sum</b>	<b>18 055 129</b>	<b>8 923 529</b>



## Note 13 Eigenkapital

Endring i egenkapital gjennom året:

Tekst	Aksjekapital	Overkurs	Anna innskøten egenkapital	Anna egenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2019	9 999 990	7 527 231	68 220 798	22 224 663	107 972 683
Estimatavvik vedrørende pensjonar	-	-	-	46 291	46 291
Årets resultat	-	-	-	22 076 806	22 076 806
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>9 999 990</b>	<b>7 527 231</b>	<b>68 220 798</b>	<b>44 347 761</b>	<b>130 095 780</b>

## Note 14 Andre inntekter og kostnader

Spesifikasjon av andre inntekter og kostnader

	2020	2019
Vinst ved avgang av anleggsmidler	-25 000	-60 000
<b>Sum</b>	<b>-25 000</b>	<b>-60 000</b>

## Note 15 Aksjar i dotterselskap

### AS Lerums Saffabrikk

Aksjekapital	109 000
Tal aksjar	10 900
Bokført verdi	53 310
Forretningskontor	Sogndal
Eigarandel / stemmeandel	100 %
Resultat 2020	-13 493
Eigenkapital 31.12.	25 093

## Note 16 Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar

Selskapet har avtale med Bjarne Lerums Bilmuseum AS om leige av lokaler. Bjarne Lerums Bilmuseum AS er eigd av 3 av eigarane i N.H. Lerum AS, som er morselskap til Lerum AS. Årleg honorar for vedkomande avtale er på kr 600 000,- ekskl. mva.



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Bente Lerum Lund

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-2098618

IP: 217.17.xxx.xxx

2021-03-26 13:03:44Z



## Kåre Norvald Lerum

Styremedlem

Serienummer: 9578-5994-4-505566

IP: 91.126.xxx.xxx

2021-03-26 13:06:14Z



## Stein Norvald Klakegg

Administrerende direktør

Serienummer: 9578-5994-4-550501

IP: 79.161.xxx.xxx

2021-03-26 13:08:09Z



## Stian Orrestad

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1736147

IP: 217.17.xxx.xxx

2021-03-26 13:15:01Z



## Johnny Berg

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-1114360

IP: 62.97.xxx.xxx

2021-03-26 14:10:54Z



## Gro Lerum Bondevik

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-3762898

IP: 217.17.xxx.xxx

2021-03-26 15:16:28Z



## Trine Lerum Hjelhaug

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1630297

IP: 88.91.xxx.xxx

2021-03-26 16:49:04Z



## Kristine Aasheim

Styremedlem

Serienummer: 9578-5992-4-3012932

IP: 79.160.xxx.xxx

2021-03-28 13:59:57Z



Penneo Dokumentnøkkel: B1Z1E-EPCB6-ML8VE-QVX4Z-l6SDC-XTJFT

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Sverre Sellæg Tysland

Styreløser

Serienummer: 9578-5998-4-1256842

IP: 85.166.xxx.xxx

2021-03-29 07:12:46Z



## Grethe Kristin Lerum

Styremedlem

Serienummer: 9578-5994-4-499806

IP: 79.170.xxx.xxx

2021-03-29 07:54:11Z



## Kurt Lerum

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1741605

IP: 193.247.xxx.xxx

2021-03-29 09:13:25Z



Penneo Dokumentnøkkel: BTZTE-EPCB6-ML8VE-QVX4Z-l65DC-XTJFT

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>